

## Bispevisitas i Åmli

Onsdag 8., torsdag 9. og søndag 12. juni besøkte biskop Stein Reinertsen i Agder-og Telemark bispedømme Åmli kommune i samband med visitas i Åmli og Gjøvdal sokn. Med seg hadde han rådgjevar Arve Nilsen frå bispedømekontoret og prost i Aust-Nedenes prosti Ragnhild Eikeland Floberg.

Visitasen starta tidleg i vinter, med at kyrkjeverje og sokneprest skreiv visitasmelding. Deretter har det vore synfaring på alle 3 kyrkjene og kyrkjegardane, samt på kontoret der rutinar, kyrkjebøker mm vart gjennomgått.

Det var to fulle dagar med tett program i tillegg til visitasgudstenesta på søndag. Dagane starta onsdagen med frukost i prestegarden, der biskopen fekk møte tilsette og leiarar av sokneråd og fellesråd. Deretter vitja fylgjet Åmli pleie-og omsorgssenter. Der vart vi tatt vel imot av leiar Laila Nylund som visa oss rundt, og biskopen helsa på bebuarane. Sokneprest Ragnhild Marie Røstvik og organist Salve Kallevig hadde andakt og songstund.

Så var det bort på Rådhuset til møte og lunsj med ordførar Reidar Saga, rådmann Christina Ødegård, einingsleiarane og nokre politikarar. Økonomi, samarbeid og treffpunkt var naturlege samtaleemne, i tillegg til kyrkjias tilbod og plass i Åmli.

Vi drog til Proflex arbeidssenter på bedriftsbesøk, der vi vart vist rundt, møtte arbeidstakarane, og vi hadde felles pause der vi fekk servert den passende retten «Himmelsk lapskaus».

Tydeleg at dette besøket var populært, og biskopen fekk mange klemmar!

Vi kjørte til Gjøvdal der Gjøvdal sokneråd serverte middag på Valhall. Det vart og tid til samtale med soknerådet. Vi reiste til Gjøvdal kyrkje der soknerådsleiar Ellinor Oland viste oss rundt på kyrkjegarden og fortalte om verneplanen for denne.



Kvelden vart avslutta med country/gospel-konsert i Gjøvdal kyrkje med organist Salve Kallevig og «Kyrkjebandet». Medverkande musikarar er Salve, Gerd og Iljen Kallevig, Steinar Nordlie, Kim Bleika, Odd Olsen og Liv Abrahamsen. Vi fekk oppleve ein konsert med «trøkk», og biskopen storkosa seg når han fekk høre sine «ønskelåter»: «Why me» og «Where you there», begge med knyting til Kris Kristoffersen som han tala om.

Torsdagen starta vi i Tovdal kyrkje med morgonandakt, før Børuf Ramse fortalte om Tovdal kyrkje, i spanande historie. Vi fortsette deretter bort til Hillestad galleri, der vi vart møtt av søskena Gunnar, Barbro og Inga Hillestad. Etter ei kort presentasjon av Hillestad sin verksemd, fekk vi ei omvising i smykkeproduksjonen. Det var spanande å sjå korleis dei vakre smykka vert laga. Vi fekk servera lunsj på Galleriet, og sjølvstekt fekk vi og smake den berømmelege og særst gode «Hillestadkringla»!

Nedover mot Åmli igjen, vitja vi Dølemo oppvekstsenter. Vi vart tatt imot av Liv Gunvor Ramse som innleia med omvising og historia til oppvekstsenteret. Vi møtte born i barnehagen og klassetrinna 1-4. som stemte i med song når vi kom, -dette hadde dei gleda seg til! Dei hadde og mange spørsmål til biskopen, og biskopen svara grundig alle saman. Han viste og fram, til stor begeistring for borna, den flotte bispekåpa.

Deretter drog vi til Åmli skule, der vi vart tatt imot av konstituert rektor Siv Eppeland og 2 elevar. Klassetrinna 5.-7. og 8.-10. vart samla i 020-rommet ein time kvar. Elevane hadde forberedt fleire spørsmål, og biskopen svara utruleg bra til alle. Ein må bli imponert når ein følgjer med frå sidelinja og ser korleis biskopen tenker gjennom kvart spørsmål, svara dei og forsikrar seg om at eleven har fått svar på spørsmålet, -og om svaret er bra nok!

I møte med nokre av lærarane vart det samtalt om kyrkje/skule-samarbeidet. Dette samarbeidet er ein del av trusopplæringsplanen til sokna.

Frå skulen drog vi rett til Engenes, og fekk ei omvising av Trond Aslaksen på området til Heimoverfestivalen. Området var under rigging, og viser stor dugnadsånd og frivilligheit. Biskopen viste stor interesse for festivalen!

Etterpå drog vi til Elvarheim og fekk ei kort omvising av Magnhild Jones Gilje og Bjørg Krogh



Kleivene. Biskopen vart imponert då han mellom anna fekk greie på kor mykje beveren frå Åmli hadde å bety for beverstamma i resten av Europa.

Etter ei lita pause, samlast vi til middag og møte med ulike kyrkjesamfunn, lag og organisasjonar på Menighetscenteret i Åmli. Vi fekk servera nydeleg mat frå Burma og lokale hjortekjøttkaker. Begge deler smaka for alle!



## Kven er min neste?



Soknerådet hadde invitert til open temakveld, der tema var «Kven er min neste». Biskopen innleia med orda: «Noen må våke i verdens natt. Noen må være de svakes bror, noen må bære andres nød, noen må vise mildhet, noen må kjempe for andres rett»

*Men hvem er disse «noen»? Eller som temaet jeg har fått: Hvem er min neste?»* Han fortsatte med: «Viktigere enn å er vår neste, er det å vise seg som en

*identifisere hvem som neste.»* Dette satte nok tankane i sving hos dei mange frammøtte.

Leiar av Åmli fellesråd, Olav Kleivene, intervjuar Christina Wah frå Karenfolket i Burma om kvifor ho og familien kom til Åmli, og korleis dei vart teken imot.

Det vart paneldebatt, samansett av biskopen, prostidiakon Per Emanuelsen, gravferdskonsulent Tore Konnestad, pastor i Misjonskyrkja Rino Rudkli, Christina Wah frå Baptistkyrkja og Nina Haugstøyl frå vaksenopplæringa.

Debatten skapa stort engasjement, og Olav Kleivene leia den på ein framifrå måte! Simonstad songkor og Karenungdom underhaldt med flott song.

Biskopen har og i løpet av desse to dagane hatt samtale med fleire tilsette.

## Visitagudsteneste og visitasforedrag

Søndag 12.juni var det visitagudsteneste i Åmli kyrkje! 3 nydelege jenter åpna gudstenesta



med klokkespel leia av Salve Kallevig før leiar av Åmli sokneråd, Kari Hagelia Olstad, ønska velkomen. Preludium med organist Salve og Lazlo Istenes på klarinett skapa ei flott ramme rundt inngangsprosjonen.



Biskopen holdt prekenen, medan prostidiakon Per Emanuelsen og soknerådsmedlem/diakoniarbeider Elisabeth Vangen Olsen leste forbøner.



Etter gudstenesta leste biskopen opp visitasforedraget, der han oppsummera dagane i Åmli. Formålet med visitas er i tillegg til ein form for ettersyn, også ein måte å vise fram kyrkjjas arbeid. Det gjer inspirasjon, samtidig som ein får nokre utfordringar å følgje opp.

Kyrkjeverje Liv Eikås-Homme takka biskop Stein Reinertsen for fine dagar i Åmli, og overrekte boka om Åmli kyrkje. Prost Ragnhild Floberg og sokneprest Ragnhild Røstvik vart og takka for god innsats under visitasen.

Soknerådet invitera til kyrkjekaffi, og dei aller fleste frammøtte nytta høvet til å helse på biskopen og elles prate saman. Kyrkjeverje, sokneprest og stab ser tilbake på nokre hektiske, men hyggelege og inspirerande dagar i lag med biskopen og hans følgje. Vi har satt stor pris på hans kunnskap, innsikt og flotte måte å møte menneske på.

*Tusen takk til biskop Stein Reinertsen i Agder- og Telemark bispedømme.*

**Åmli 12.06.2016**

**Liv Eikås-Homme  
Kyrkjeverje i Åmli**

